



Lindås kommune
Arne Eikefet
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3471 - 19/35024

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.12.2019

Løyve til endring av godkjend tiltaksplan for forureina grunn - Kvassnesvegen

Administrativt vedtak: Saknr: 685/19
Søknadstype: Søknad om godkjenning av tiltaksplan, jf. Forskrift om begrensing av forurensing § 2-8 (forureiningsforskrifta)

Tiltakshavar:

SAKSUTGREIING

Norconsult AS har ved oversending mottatt 25.11.2019 kome med tillegg til godkjend tiltaksplan for forureina grunn i Kvassnesvegen, jf. vedtak datert 07.12.2018. Tillegget er knytt til arbeidet med å fjerna nedgravd dielseltank med storleik 6 000 liter og pumpearrangement for truckdieselområdet inne på gbnr 188/358 Shell Knarvik.

Installasjonane ligg langs tiltaksgrensa for tiltaksplanen for Kvassnesvegen (R-18) og delvis utanfor tiltaksområdet. Plasseringa av installasjonane er vist i kartvedlegg 1, sjå kartutsnitt under.

Fjerning av dieseltank og truckdieselområde er ikkje skildra i tiltaksplanen som ligg føre, men er nemnd i den supplerande miljøtekniske rapporten (R-23) der det står følgjande om området:

«Som det fremgår av tidligere notater er «Shell» ... i full drift og det er særdeles høy risiko forbundet med graving/boring i nærheten av slike installasjoner. Graving i aktuelle områder må håndteres for seg under ev. sanering av tankanlegg og riving av stasjonene.»

Punkt P3, P4, P5 og P6 ligger på «Shell-tomten».


Det er opplyst at ytterlegare prøvetaking i forkant av sanering ikkje er gjennomførbar på grunn av sikringssona til tankanlegget.



Alt arbeid skal utførast på bakgrunn av tiltak og beredskap som er skissert i tiltaksplan R-18. Det mottatte notatet skisserer framgangsmåte for gjennomføring av gravearbeid i samband med sanering av tankanlegget inklusiv nødvendige tiltak og sikringsrutinar, og vil vera eit tillegg til R-18.

Tiltaksområdet vert utvida til å omfatta resterande del av gbnr 188/358.

Kartutsnitt som viser plassering av installasjonane som skal fjernast.



Arbeidet kan medføre at utgravde massar må mellomlagrast i tiltak. Eventuell mellomlagring av massar skal skje på inngjerda område innanfor stasjonsområdet, mellomlagringa skal skje på tett underlag som hindrar avrenning til omgjevnadane og massane skal tildekkast for å hindra utvasking. Dersom massane inneheld olje i fri-fase eller andre uføresette forureiningar vil dei verta frakta direkte til avfallsmottak i tett kontainer.

VURDERING

Kommunen legg tilleggsdokumentasjon til tiltaksplan for Kvassnesvegen til grunn og vurderer at dei tiltak som er skissert er tilstrekkeleg for å få klart omfanget og verknaden av eventuell forureining i grunnen, sikra at grunnen ikkje lenger er forureina og at anleggsarbeidet ikkje medfører fare for spreiring av forureining eller fare for skade eller på helse eller miljø.

Det kan mellomlagrast massar knytt til arbeidet med å grava opp tankane inne på eigedomen, slik det er skissert i søknaden.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Nødvendig løyve må liggja føre før arbeidet kan ta til. Det planlagte arbeidet er ikkje omfatta av rammeløyve til oppføring av mellombels bussterminal og rundkøyrng, samt permanent VA-anlegg gitt i sak 19/177 slik det er vist til i oversendinga. Fjerning av tankane kan inngå i dette tiltaket dersom det vert søkt om endring av gitt rammeløyve, eller ved innsending av eigen separat søknad i eitt-trinn.

VEDTAK

Lindås kommune godkjenner endring av tiltaksplan for forureina grunn, versjon E02 datert 12.09.2018, jf. § 2-8 i forskrift om begrensing av forurensing, slik det går fram av tilleggsdokumentasjon mottatt 25.11.2019.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med tiltaksplan datert 12.09.2018 og tillegg til tiltaksplanen journalført mottatt 25.11.2019.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Nødvendig løyve må liggja føre før arbeidet tek til.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Tiltakshavar sitt ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med dette vedtaket og forskrift om begrensing av forurensing kap. 2. Kommunen si godkjenning endrar ikkje tiltakshavar sitt ansvar for at tiltaka er tilstrekkelege etter § 2-5 i forskrifta.

Endringar i tiltaksplanen

Dersom det oppstår vesentlege endringar i tiltaksplanen, eller dersom det vert oppdaga meir eller anna forureining enn det som blei kartlagt, må det sendast inn revidert tiltaksplan. Kommunen må godkjenne den reviderte tiltaksplanen før endringane blir sette i verk.

Sluttrapport for forureina grunn

Når arbeidet er ferdige, skal det sendast inn sluttrapport til kommunen med skildring av korleis tiltaksplanen er følgt opp, og korleis dei forureina massane er handterte. Det skal koma fram av dokumentasjonen kva type forureina massar eller anna avfall som er levert, kvar det er levert, kva mengder og dato for levering. Dokumentasjonen skal vera frå mottakaren av massane.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Norconsult AS

Postboks 626

1303

SANDVIKA

Mottakrar:

Lindås kommune

Felles postmottak
Kvernhusmyrane
20

5914

ISDALSTØ